

Haustfesten 22. oktober tek form

23.08.2016



Det populære dansebandet Trinity spelar på haustfesten.

Ungdomslaget sin haustfest i Helgheim 22. oktober tek form. Det meste av programmet er på plass. Den populære gruppa Trinity spelar til dans. Uskedal musikklag og Røysterett for alle vert med. Det vert Daltrekk og sceneinnslag. Talaren vert kunngjort med det fyrste.

Det var i fjor Uskedal ungdomslag gjenskapte haustfesten slik vi hugsar den frå 1960 - 1980 talet. Det vert lagt ut rundt 100 billettar og alle aktørane gjer på kvar sine måtar ein frivillig innsats i programmet. Ungdomslaget ynskjer å skapa ei lun og koseleg ramme. Det omtykte husorkesteret med god allsong vert med. Matøkt i kjellaren er eit fast innslag.

Festkomiteen vil innan to veker sei meir om påmelding og praktisk gjennomføring.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: TRINITY